



Lindås Kommune

v/Ordfører Astrid Aa. Byrknes

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø



Knarvik, 3.11.2014

### Søknad om kommunal garanti for lån

Styret i Knarvik Industri og Miljø AS gjorde på siste styremøte, 21.10.2014, vedtak om at verksemda skulle søkje om kommunal garanti for lån verksemda i dag har i Sparebanken Vest, basert på prisliste mottatt frå Kommunalbanken.

KIM AS har i dag eit lån i Sparebanken Vest, med saldo pr 16.10.2014 kr 7.639.014.- Rentesatsen er pr.dags dato 3.910 % p.a. Lånet er sikra ved pant i våre eigedomar, 188/575 og 188/668, Kvassnesvegen 52 og 54 i Knarvik.

Takst på gbnr 188/575 er frå 26.10.2006 på kr 1.800.000.

Takst på gbnr 188/668 er frå 08.05.2003 på kr 13.580.000

Det har ikkje vore avhalden takst seinare. Eigedomane er forsikra i KLP Skade, fullforsikra for henholdsvis 5.313.000 og 20.773.000.

Kommunalbanken yter lån til kommunalt eigde verksemdar berre dersom kommunen stiller med kommunal garanti.

Prislista frå Kommunalbanken viser at vi kan re-finansiera vårt lån der til 2.02 % effektiv rente, altså heile 1.89 prosentpoeng lågare enn dagens rente i Sparebanken, noko som på årsbasis ville spara oss for renteutgifter i størrelsesorden 140.000.

Regelverket hjå Kommunalbanken tilseier at garantien må minst være på hovedstol + 10 %, det vil seie kr 7.639.014 + 10 % som er kr 8.402.915. Avrunda opp til 9 mill. kroner.

**Knarvik Industri og Miljø AS søkjer med dette om kommunal garanti for re-finansiering av lån, stor kr 9.0 mill. kroner.**

Vi legg ved skriv frå Kommunalbanken Norge, samt oversyn over vårt lån i Sparebanken Vest.



Vi vonar på snarleg og positiv handsaming av denne søknaden!

Nærare opplysningar kan gjevast av styreformann Jan-Åge Johannessen, telf 91 70 41 41, eller undertegna, telefon 90 78 71 52

Med helsing



Audun Stusdal

Dagleg leiar

Knarvik Industri og Miljø AS